

PLANSKILDING

Detaljregulering for Småbåthamn Gjerdsvika, gnr. 95, bnr. 4

Planid: 2023-01

Gnr: 95 Bnr:4 Tysnes kommune

Dato/revisjon: 24.10.2023

Forfatter: Ailén Moltu Mitri/ Christian Vevatne

Oppdragsgjevar: Båtlaget ved Magnar Solheim



TITTEL Detaljregulering for småbåthamn Gjerdsvika gnr. 95, bnr. 4. Gjerdsvika, Tysnes kommune		
PLANID 2023-01	DATO 24.10.2023	REV - DATO -
PROSJEKTNUMMER 108059	VERSJON 01	
OPPDRAGSGJEVAR Båtlaget	OPPDRAGSGJEVARERS REFERANSE Magnar Solheim	
UTFØRT AV Ailén Moltu Mitri	SIGN xxxx	
KONTROLLERT AV Kjerstina Særsten/ Christian Vevatne	SIGN xxxx	
GODKJEND AV Christian Vevatne	SIGN xxxx	
EKSTRAKT Innsending av planforslag til Tysnes kommune.		

Innhald

1	SAMANDRAG	5
2	BAKGRUNN	5
	FØREMÅLET MED PLANEN	5
	FORSLAGSSTILLAR, PLANKONSULENT, EIGARTILHØVE	6
	OMEGA AREAL AS ER ENGASJERT AV TILTAKSHAVAR (BÅTLAGET) VED MAGNAR SOLHEIM TIL Å UTARBEIDE FORSLAG TIL NY REGULERINGSPLAN FOR GJERDSVIKA SMÅBÅTHAMN PÅ EIGEDOM GNR. 95, BNR. 4.	6
	KRAV OM KONSEKVENSGREIING?	6
3	PLANPROSESSEN	7
	MEDVERKANDE PROSESSAR, VARSEL OM OPPSTART, EVT. PLANPROGRAM	7
4	PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR	9
	OVERORDNA PLANAR	9
	GJELDANDE REGULERINGSPLANAR	12
	TILGRENSANDE PLANAR.....	13
	STATLEGE PLANRETNINGSLINJER / RAMMER / FØRINGAR	13
5	SKILDRING AV PLANOMRÅDET	14
	5.1 PLASSERING AV OMRÅDE	14
	AREALBRUK I DAG OG TILGRENSANDE AREALBRUK	15
	STADKARAKTER OG LANDSKAP	15
	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	16
	NATURVERDIAR	18
	REKREASJONSVERDI/REKREASJONSBRUK, UTEOMRÅDE.....	18
	LANDBRUK	19
	TRAFIKKTILHØVE.....	19
	UNIVERSELL TILGJENGE.....	19
	TEKNISK INFRASTRUKTUR	20
	GRUNNTILHØVE.....	20
	STØYTILHØVE.....	20

6	SKILDRING AV PLANFORSLAGET	21
	PLANLAGT AREALBRUK	21
	GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFØREMÅL	21
	PLASSERING OG UTFORMING AV BÅTPASSAR OG PARKERINGSPLASSAR	22
	BÅTPASSAR.....	22
	PARKERINGSPLASSAR	22
	GRAD AV UTNYTTING OG HØGDER	23
	KØYRETILKOMST OG TRAFIKKLØYSING	24
	VATN OG AVLØP.....	24
	REKKEFØLGJEKRAV	24
	UNIVERSELL UTFORMING	25
	KULTURMINNE.....	25
	PLAN FOR AVFALLSHENTING.....	25
7	KONSEKVENSGREIING	26
8	ROS ANALYSE	26
9	VERKNADAR / KONSEKVENSGAR AV PLANFORSLAGET	27
	OVERORDNA PLANAR	27
	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ, EVT. VERNEVERDI	28
	TILHØVET TIL KRAVA I KAP. LL I NATURMANGFALDLOVA	30
	REKREASJONSINTERESSER/BORN SINE INTERESSER	31
	9.7 UNIVERSELL TILGJENGE	32
	9.8 ENERGIBEHOV – ENERGIFORBRUK	32
	9.9 JORDRESSURSAR/ LANDBRUK.....	32
	9.10 TEKNISK INFRASTRUKTUR	33
	9.11 ØKONOMISKE KONSEKVENSGAR FOR KOMMUNEN	33
	9.12 KONSEKVENSGAR FOR NÆRINGSINTERESSER	34
	9.14 AVVEGING AV VERKNADAR	34
10	INNKOMNE MERKNADAR	35

10.1 SAMANDRAG FRÅ INNKOMNE MERKNADER	35
11 AVSLUTTANDE KOMMENTAR	40
12 VEDLEGG	40

1 Samandrag

Planforslaget (planID 2023-01) ligg ved Gjerdsvika ca. 1,5 km aust for Våge og er omlag. 33,5 daa stort. Store delar av arealet er i dag dekt av reguleringsplan planID 2009-06, vedteke i 2012. Gjeldande plan famnar om eit større areal enn planforslaget, og strekk seg heilt opp til Fv. 549. I planforslaget er det lagt opp til ei utviding av eksisterande parkeringsplass med 27 ekstra plassar, og ei utviding av småbåtanlegget med 50 ekstra plassar (totalt 150 båtplassar). Planen legg og opp til oppføring av bodar til oppbevaring av utstyr for medlemmar av båthamna.

Arealformåla i gjeldande plan vil i stor grad verte vidareført. Planforslaget legg opp til ei utviding av parkeringsplassen utover dagens plangrense mot vest og ei mindre utviding i sjø i retning aust. Den delen av gjeldande plan som går frå fylkesveg 549 (Hegglandsvegen) til parkeringsplassen vert ikkje omfatta av planforslaget.

2 Bakgrunn

Føremålet med planen


Båthamn i gjeldande plan er realisert, planforslaget ligg til rette for ei utviding av eksisterande parkeringsplass med 27 plassar samt utviding av småbåtanlegget med 50 båtplassar. Det vert og lagt opp til oppføring av bodar til oppbevaring. Gjeldande plan følgjer plan – og bygningsloven av 1985. Planen vart vedteke i 2012 og er såleis over 10 år gamal. Ny reguleringsplan vil vera oppdatert etter dagens lover og rammer og vil følgje plan- og bygningsloven av 2008.

Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Omega Areal AS er engasjert av tiltakshavar (båtlaget) ved Magnar Solheim til å utarbeide forslag til ny reguleringsplan for Gjerdsvika småbåthamn på eigedom gnr. 95, bnr. 4.

Krav om konsekvensutgreiing?

Området er av Tysnes kommune vurdert å ikkje utløyse krav til konsekvensutgreiing (KU). Reguleringsplanen samsvarar i stor grad med kommuneplanen sin arealdel. Tiltakets storleik/omfang er vurdert å ville ha ein uvesentleg verknad på miljø og samfunn (jamfør § 9. og 10. – forskrift om konsekvensutgreiingar).




Figur 2: Oppstartsvarsel

4 Planstatus og rammevilkår

Overordna planar

Gjeldande kommuneplan for området er kommuneplan for Tysnes kommune 2010-2022 (planID 2010 - 05). I kommuneplanen er planområdet sett av til formålet småbåthamn framtidig, friluftsområde og LNFR.



Figur 3: Gjeldande kommuneplan av 2010, kjelde: kommunekart.com

Føresegner i kommuneplanen 2010-2022 som kan ha noko å seie for planarbeidet:

7 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE PBL § 11-7 nr. 5

7.1 Landbruks-, natur - og friluftsområde (LNF)

- 7.1.1 Føremålet er landbruks-, natur-, og friluftsområde der tiltak i samband med stadbunden næring er tillate. Stadbunden næring vert definert som i rettleiar Landbruk +, T-1443:2005. Heimel: PBL § 11-7 nr.5 pkt a.
- 7.1.2 Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan førast opp i 100-metersbeltet mot sjø dersom bygning/anlegg blir lokalisert til eksisterande tunskipnad. Naudsynte tiltak i landbruket vert definert som i rettleiar Landbruk +, T-1443:2005. Område for stadbunden næring skal ikkje delast frå hovudbruket. Ved plassering av skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser. Heimel: PBL §§ 1-8 og 11-11 nr. 4.
- 7.1.3 Eksisterande bustadeigedomar som på plankartet er vist som LNF-område, men som er bebygde med bustadhus og dermed har fått ei arealavklaring, skal ha status som LNF-spreidd der tilbygg, påbygg, ombyggingar og oppføring av garasjar og boder er tillate utan krav om reguleringsplan eller dispensasjonar. For eigedomane gjeld føresegner for LNF-spreidt.
- 7.1.4 Alle tiltak i ubebygde eigedomar innanfor spreidd LNF, med unntak av dei tiltaka som er skildra i punkt 7.2.4., skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve til kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.
- 7.1.5 For nye tiltak i tilknytning til sjø skal desse dimensjonerast etter lokale tilhøve. Heimel: PBL §§ 4-3.
- 7.1.6 I planar og tiltak som legg til rette for utbygging i sjøkanten, skal byggjehøgda for overkant golv i 1. etg ikkje vere lågare enn 2,5 m.o.h. Heimel: PBL §§ 4-3.

Retningsline LNF:

- ✓ Kommunen er positiv til etablering av småkraftverk som del av attåttnæring i landbruket.
- ✓ Det er innanfor LNF-føremålet høve til å etablere tiltak som fremjar friluftslivet. Til fjells gjeld dette mindre tiltak som etablering av enkle bruer for kryssing av elver/bekkar i samband med framføring av sti. Andre tiltak som enkle gapahukar, m.v. kan også etablerast så lenge dei ikkje medfører irreversible inngrep.

8 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE PBL § 11-7 nr. 6

8.1 Generelt

8.1.1 Tiltak i strandsona på sjø og land skal sikre almen tilgang og utøving av friluftsliv fram til og langs sjøen. Biologisk mangfald, landskap og kulturminne skal takast vare på. Heimel: PBL § 11-11 nr. 5.

Retningsliner for bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone:

- ✓ Inngrep i strandsona bør ikkje vera større enn det som er naudsynt for bruken av tiltaket og utformast slik at dei verdiane områda langs sjøen representerer for allmenta vert styrka.
- ✓ Bruk og vern av strandsona bør avgjerast i samband med handsaming av plansak eller byggesøknad. Interessene friluftsliv, landskap, kulturminne og biologisk mangfald skal vurderast.
- ✓ Kommunen skal ved handsaming av søknad om tiltak eller anna verksemd i sjø, undersøka om tiltaka kjem i konflikt med kulturminne, biologisk mangfald og friluftslivinteresser.

8.2 Småbåthamn

8.2.1 Føremålet er område for småbåthamn. Heimel: PBL § 11-7 nr. 6.


8.2.2 Det regulerte hamneområdet skal omfatta parkeringsplassar for eit tal bilar tilsvarande 50 % tal båtplassar i hamna. Heimel: PBL § 11-9 nr. 5.

Retningsliner for småbåthamn:

- ✓ Småbåthamn i sjø og på land omfattar lagringsplass for båt, parkering, slipp, servicebygg, kai, bryggje, molo, bølgevern m.v..
- ✓ Ved utbygging av båthamn må det takast omsyn til vêr- og klimatilhøve, transportløysningar på land og sjø, samt landbruks-, natur- og friluftslivinteresser.
- ✓ Søkjar skal leggja fram dokumentasjon på trygg hamn og evt. naudsynte tiltak som sikrar trygg hamn.
- ✓ Flest mogleg av fritidsbåtar skal ha tilhald i småbåthamner.

Gjeldande reguleringsplanar


I området er det i dag ein gjeldande reguleringsplan planID 2009-06, med plannamn Småbåthavn Gjersvika - gnr. 96 bnr. 2 mfl., som vart vedteke i 2012. Gjeldande plan omfattar eit større areal enn planforslaget, det strekk seg frå Fv. 549 og følgjer privat veg ned til båthamna. Planen omfattar og LNF-areal på eigedomar gnr./bnr. 96/2 og 95/4, og eit mindre areal for næringsverksemd på gnr./bnr. 96/53. Tiltaka i denne planen er realisert.



Figur 4: Planavgrensning gjeldande reguleringsplan - Småbåthavn Gjersvika frå 2012, kjelde : fylkesatlas Vestland.

Tilgrensande planar

For utan gjeldande plan er det ingen tilgrensande planar til planforslaget. Næraste reguleringsplan er områdeplan for Våge sentrum vedteke i 2017 (sjå vedlagt kart figur 5.).



Figur 5: Til venstre er områdeplan for Våge sentrum, til høgre er gjeldande plan i området. Kjelde: kommunekart.com

Statlege planretningslinjer / rammer / føringar

Reguleringsplanen er utarbeida i tråd med Plan- og bygningslova og dei reglar som er gitt for reguleringsplanar i lovas kap. 12. Gjeldande kommuneplan legg grunnlaget for innhaldet i planen. Vi legg til grunn at kommuneplanen er utarbeida i samsvar med retningslinjer og rammer frå statlege og fylkeskommunale myndigheiter.


Kystlina i Tysnes kommune er omfatta av dei statlege retningslinjene for differensiert strandsoneforvaltning. Hensikten med desse retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. I retningslinjenes formål står det «Retningslinjene skal bidra til at det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsonen og at unødvendig bygging langs sjøen unngås, jf. plan- og bygningsloven (pbl.) § 1-8. Strandsonen gir grunnlag for næring og bosetting langs kysten, og god arealplanlegging kan gi grunnlag for økt verdiskapning og flere lønnsomme arbeidsplasser. Kommunene må balansere disse interessene i planleggingen.»

Retningslinjene deler kystsona i Norge inn i tre soner med ulike føringar tilpassa behovet for vern og utbyggingspress. Tysnes kommune hamner i denne planen innanfor sone 3. Denne sonen kategoriserast som "Områder med mindre press på arealene». I punkt 10.3 i disse retningslinjene står det «Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før.» Ei utviding av eksisterande småbåtanlegg kan difor sjåast å vera i tråd med gjeldande føringar i den statlege forvaltninga av strandsona langs sjø.

5 Skildring av planområdet

5.1 Plassering av område

Planområdet ligg på gnr. 95, bnr. 4 ved Gjerdsvika i Tysnes kommune, om lag 1,5 km aust for Våge. Det er avkøyning frå Fv. 549 – Hegglandsvegen, sør for planområdet. Planen omfattar eit areal på ca. 33,5 daa. I nord grensar planområdet til gnr. 96, bnr.1, i aust til sjø (Gjerdsvika), i vest til gnr.95, bnr.4, avsett til LNF i kommuneplan, i sør til utbygd areal med naust og marina og på gnr. 95, bnr.4.



Figur 6: Planområdet frå avstand, kjelde: www.kommunekart.com

Arealbruk i dag og tilgrensande arealbruk

Området vert i dag nytta som småbåthamn med tilhøyrande parkeringsplassar, naust/bodar. Eit mindre areal er regulert til LNF (innmarksbeite). Same bruk gjeld og i stor grad areala like sør for planområdet kor det ligg fleire eigedomar med naust og tilhøyrande båtplass med strandlina. Arealet vest for planområdet er i gjeldande kommuneplan avsett til LNF, medan areala nord for planområdet er avsett til bustad og LNF.

Stadkarakter og landskap

Området rundt Gjerdsvika består av spreidde bustader, landbruksareal, naust og bustader med båtplass samt mindre areal med spreidd lauvskog. Terrenget er noko kupert og skrånar moderat mot Gjerdsvika i

aust. Bustader synar i all hovudsak å liggja med utsyn mot Gjerdsvika i aust og nordaust som vil indikera gode soltilhøve tidleg på dag.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne, kulturminne frå nyare tid eller SEFRAK-registrerte bygg i planområdet.

Om lag 150 m sør for plangrensa ligg Askeladden id 129561 – som er ei automatisk freda dyrkingsflate/fossilt åkarlag, C14 -datert til seinneolitikum (yngre steinalder). Omtrentleg 170 m nord for planområdet, på Gjerstadneset, ligg eit automatisk freda kulturminne i form av ei gravrøys. Røysa er typologisk datert til jernalder, men det ligg ikkje føre nokon C14- datering av ho.

Elles kan nemnast dei automatisk freda kulturminna med id 6062, 127832, 127833, 127831,122677 som ligg samla sør for Hegglandsvegen ca. 280-400 m sør for planområdet. Desse ligg så langt unna at dei ikkje vil verte råka av planen. Det same gjeld dei automatisk freda lokalitetane id 66526, 25633, 99953, 60624 og listeført kyrkje med id 177787, lokalisert sørvest og aust-søraust for planområdet.

Planens art som i hovudsak vil vera ei mindre utviding av arealformåla i gjeldande plan, i eit område som allereie er utbygd, vil ikkje ha innverknad på kulturminna i nærområdet. Dei automatisk freda kulturminna ligg i god avstand til planen og dessutan høgare i terrenget, slik at utsyn frå dei ikkje vil verte påverka.

Sør for planområdet ligg eit naustmiljø, som har omsynssone i gjeldande KPA. Naustmiljøet er å finna i ein rapport om verneverdige sjøbruksmiljø av Hordaland fylkeskommune frå 1989. Naustmiljøet ligg ikkje lenger i sitt opphavelig miljø, mykje har skjedd i området dei seinare åra.




Figur 7: Kart fra www.fylkesatlas.no, synar planområdet i raudt og nærliggjande kulturminne, naustmiljø er markert med sort sirkel

Naturverdiar

Planområdet ligg i eit område definert av NINA (Norsk institutt for naturforskning) som hotspot for trua moseartar. Området i sjø er elles registrert av Fiskeridirektoratet som ein låssettingsplass kor fisk vert oppbevart i not.

Det er elles ikkje registrert viktige eller sårbare naturtypar eller artar innanfor planområdet på land og i sjø.



Figur 8: Raudt felt markerer låssettingsplass, medan det grønne feltet markerer hotspot 2015- sone for trua moseartar, kjelde www.miljødirektoratet.no

Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde

Området har gode tilhøve for fiske, båt- og friluftsliv generelt, det er gode moglegheiter for bading og store deler av arealet vert nytta som friområde.

Landbruk

Lengst vest i planområdet, vest for dagens parkeringsplass, er eit areal på om lag 2,5 daa som er regulert til LNF i kommuneplanen, området skal ha vore nytta som innmarksbeite.

Trafikktilhøve


Køyretilkomst til planområdet er tenkt frå Fv. 549 Hegglandsvegen via avkøyrsla ved Øvre Gjerstad, vegen har fartsgrense 50 km/t. Planområdet ligg i god avstand frå støysona til fylkesvegen. Det er ikkje gang- og sykkelveg frå fylkesvegen fram til planområdet, men det er gang og sykkelveg på store deler av strekket frå Våge fram til Gjerstad vest. Det er gangfelt like ved avkøyringa frå fylkesvegen visa avis skulen. I følgje Statens vegevesens opne kartgrunnlag har det vore nokre trafikkulukker langs Fv. 549, det er ikkje registrert ulukker etter avkøyringa frå fylkesvegen og ned til planområdet. Når det gjeld kollektivtilbod er det busshaldeplass langs Hegglandsvegen på både Gjerstad vest og Gjerstad aust.

Universell tilgjenge

Når det gjeld tilkomst og universell utforming, ligg parkeringsplassen og vegen fram til småbåthamna, friområde og badeplass på høgdekote +1-2, det er ingen bratte stigningar. I overgangen frå land til flytebyggje via landgang, kan høgdeforskjell/helling variera etter om det er flo eller fjæra.

Teknisk infrastruktur

Det går eit røyr i sjø frå vest mot aust, like nord for Hønsaholmen.



Figur 9: Røyr i sjø i Gjerdsvika, kjelde: Tysnes kommune

Grunntilhøve

Lausmassane i planområdet består av tynn morene. Denne lausmassen er vanlegvis hardt samanpakka, og tjukkelsen er normalt under 0,5 meter. Slike lausmassar krev normalt sett ingen sikring mot ras. I følgje Atlas NVE ligg ikkje planområdet i eit rasutsett område.

Støytilhøve

Planområdet ligg ikkje innanfor støysone til fylkesveg jamfør kart over støysoner til riks- og fylkesvegar av www.vegvesen.no. Det er elles ikkje kjend/rapportert om andre støytilhøve.

6 Skildring av planforslaget

Planlagt arealbruk

Det er planlagt å legge til rette for ei utviding av eksisterande småbåtanlegg og ei utviding av eksisterande parkeringsplass for å sikre tilstrekkeleg parkeringsplassar for brukarane av småbåtanlegget. I dag er småbåtanlegget dimensjonert for 100 båtar, med ei parkeringsdekning på 0,5 parkeringsplassar per båtplass, i tillegg til ekstra plasser for naust. Utvidinga vil leggja til rette for ytterlegare 50 båtplassar, og 27 parkeringsplassar. Totalt vil det bli 77 parkeringsplassar, kor av tre parkeringsplassar vil vera HC-parkeringsplassar.

Det ligg ikkje føre registreringar av arter i sjø rundt Gjerdsvika som fordrar særskilte avbøtande tiltak. Det har vore båthamn i området i rundt 10 år, og området er truleg prega av denne bruken. Ei utviding av eksisterande båtanlegg vil vere i tråd med gjeldande planstrategiar, og vil sikre at uberørte områder ikkje vert bygd ned for å etablere nye båtplassar.

I tillegg til utvidinga skal plankart og føresegner oppdaterast i tråd med dagens teiknereglar og retningslinjer.

Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

<i>Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)</i>		<i>Sum (daa)</i>
Bebyggelse og anlegg		Ca 0,4 daa
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag m tilhørende strandsone		Ca 1 daa
Naust		Ca 0,3
<i>Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)</i>		<i>Sum (daa)</i>
Parkeringsplass		Ca 2,2 daa
Veg		Ca 0,5 daa
Annen veggrunn/grøntareal		Ca 1,4 daa
<i>Grøntstruktur (Pbl § 12-5 nr. 3)</i>		<i>Sum (daa)</i>
Friområde		Ca 1,5 daa
Badeplass/-område	Både på land og i sjø	Ca 1,1 daa
<i>Landbruks,- natur- og friluftsmål (PBL § 12-5 nr. 4)</i>		<i>Sum (daa)</i>
LNF		Ca 0,3 daa

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5 nr. 5)		Sum (daa)
Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone		Ca 17 daa
Småbåthavn		Ca 7,5 daa
Total sum		Ca 33,5 daa

Plassering og utforming av båtplassar og parkeringsplassar

Båtplassar


Dei nye båtplassane vert etablert som ei forlenging av det eksisterande anlegget. Båtplassane skal etablerast i modular, slik at ein kan utvide anlegget i etappar på bakgrunn av etterspørsel. Dei nye plassane vil få tilsvarende løysing som dei eksisterande, for å få ei heilskapleg utforming på heile anlegget. Det er tenkt ein stegvis utviding av båtplassane i tre steg.

Parkeringsplassar

Utforminga av dagens parkeringsplassar avviker frå regulert utforming av parkeringsplassane ved at utfyllinga i sjø ikkje følger formålsgrrensa i planen. Parkeringsplassane er heller etablert lenger vestover, vekk frå sjø.

Den nye reguleringsplanen har til hensikt å utvide parkeringsplassen lenger vest, slik at ein får tilstrekkeleg plass til ytterlegare 27 parkeringsplassar. Dette vil også bli ei tilpassing til korleis område faktisk vert nytta. På neste side er eit kartutsnitt med forslag til plassering/oppmerking av parkeringsplassar (fig. 10).

Utviding av parkeringsplass vil skje inn i dagens LNFR-område, som er kategorisert som dyrka mark.



Figur 10: Kartet skildrar korleis parkeringsarealet er regulert i gjeldande plan, og korleis det faktisk vert nytta. Kjelde: kommune kart.com

Grad av utnytting og høgder

Område avsett til utleigebodar (f_BA1) skal etablerast i tilknytning parkeringsplassen, og får ei avgrensing som gjer at utnyttinga av arealformålet blir stor (80 % BYA). Bygget vil vera på ei etasje, og vil på denne måten verte tilpassa terrenget som ligg i bakkant. Bygget vil vera med på å dempa fjernverkanen av skjeringane som vil oppstå ved at parkeringsplassen vert utvida.

Køyretilkomst og trafikklysing

Dei tiltaka denne reguleringsplanen legg opp til krev tilknytning til eksisterande vegnett. Ettersom det allereie er etablert ei tilkomstveg og parkeringsplass til området vil tiltaka reguleringsplanen legg opp til, i mindre grad påverke dagens situasjon.

Denne reguleringsplanen er avgrensa i avkøyrsla inn til parkeringsplassen, og gjer ikkje endringar i tilkomstveg eller avkøyrsla til fylkesvegen. Ein kan elles ikkje sjå at ei utviding av talet på båtplassar eller parkeringsplassar vil vera av ein slik art at dette fordrar ei endring av avkøyrsla til fylkesvegen. Avkøyrsla har god sikt og er utarbeida i tråd med gjeldande plan. Båthamna har dessutan lite regelmessige trafikk, det er nok ofte på solskinsdagar at ein kan rekne med noko meir trafikk.

Endringa av parkeringsplassen sikrar tilstrekkeleg parkeringsdekning knytt til båtplassane. Endra form på parkeringsplassen har også til hensikt å tydeleg definere parkeringsarealet. Dagens parkeringslysing kan opplevast uoversiktleg, då parkeringsplassen i dag flyt ut i ei avkøyrsla med sidevegar både mot aust og vest. Ei tydlegare definering av ei avkøyrsla til parkeringsplassen vil gjere situasjonen meir oversiktleg.

Vatn og avløp

Reguleringsplanen legg som nemnt opp til etablering av ei ny bygning der det skal etablerast utleigebodar, dette bygget kan knytast til kommunalt vatn. Det vert ikkje lagt til rette for toalett i planområdet som skal koplast til kommunalt avløpsnett, eller eiga eller eksisterande utsleppsleidning i sjø.

Rekkefølgekrev

Reguleringsplan og føresegna legg opp til at det er mogleg å utvide småbåthamna i ulike etappar basert på etterspurnaden etter båtplassar.

Universell utforming

I gjeldande reguleringsplan er det sett av 3 HC- parkeringsplassar. Desse parkeringsplassane skal vidareførast. Det vil vera tre HC-parkeringsplassar på felles parkeringsplass (f_P). Desse vil liggja for seg sjølv med kortast mogleg avstand til båtanlegget.

Området frå den felles parkeringsplassen og ut til Hønsaholmen er forholdsvis flatt, og vil innfri krav til stigning for universell utforming.

Vektlegging av universell utforming er og lagt inn som eit punkt i reguleringsføresegnene.

Kulturminne

Det er ingen kjende kulturminne innanfor sjølve planområdet som vil verte råka av planen. For info og vurderingar knytt til omkringliggjande kulturminne sjå punkt 5.4 og 9.3.

Dersom det blir gjort funn av automatisk freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeid med tiltak i planområdet, må arbeidet straks stansast og kulturminnestyresmakt varslast for nærare gransking, jf. Kulturminnelova §8, 2. ledd.

Plan for avfallshenting

Det er ingen plan for henting av avfall. Kvar ein skilde person tar med seg og handterer sitt eige avfall.

7 Konsekvensutgreiing

Tysnes kommune har ved oppstart konkludert med at planarbeidet ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing. Planen er i hovudsak i tråd med kommuneplan. Det er avvik i områda der parkeringsplassen og småbåtanlegg vert utvida. Sjå elles pkt. 9.1 for vurdering av konsekvensane av utvidinga.

8 ROS analyse

I samband med planen er det og utarbeida ein risiko- og sårbarheits analyse over potensielle risiko – og sårbarheits forhold i planområdet. ROS-analysen er eit av plandokumenta, analysen i sin heilheit finn ein difor som eit eget dokument. Under finn ein samanstilling av funna gjort i analysen.

Samanstilling av aktuelle tiltak for å redusere risiko og sårbarheita.

Forslag til tiltak og mogleg oppfølging	
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy og anna
Korleis leggje til rette for tilstrekkeleg tryggleik	
Støy: Vidareføre føresegna frå gjeldande plan som gjeld tidsavgrensing av aktivitetar som kan føra til støy Samt skilting.	Føresegna/skilting
Ulukke i sjø med badande: Maks tillate hastigheit inn og ut av anlegget skal halde fram med å vera 5 knop som i gjeldande plan og gjeldande forskrifter. Badebøye vil verte sett ut for å redusere risiko for ei ulukka mellom badande og fritidsbåt.	Føresegna
Skog/grasbrann: Viser til nasjonalt bålforbod	Viser til nasjonalt bålforbod
Stormflo/havnivå: Oppføring av bodar på minimum kote +2,5	Føresegn/plankart

Samanstilling av analyseskjema for kvar uønskt hending.

Uønskt hending	Sannsyn	Konsekvens Kategoriar			Kommentar
		Liv og helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Stormflo/stigning av havnivå	Middels	Små	Små	Middels	Risikoreduserande tiltak i plan
Skog- grasbrann	Middels	Middels	Middels	Middels	Viser til nasjonalt bålforbod
Ulukke i sjø med badande	Låg	Middels	Ikkje relevant	Middels	Risikoreduserande tiltak i plan
Støy til omgjevnadane	Høg	Små	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Risikoreduserande tiltak i plan

9 Verknadar / konsekvensar av planforslaget

Overordna planar

Planen vil medføre nokre moderate endringar i arealføremåla samanlikna med gjeldande KPA. Dette gjeld ei utviding av parkeringsplassen mot vest som vil leggja beslag på eit mindre areal dyrka mark på omlag 2,5 daa. Arealet er i dag avsett til LNFR i gjeldande KPA. Planen legg elles opp til ei mindre utviding av småbåthamna i sjø i retning aust frå ca. 4,5 daa til om lag 7,6 daa. Arealet er i gjeldande KPA avsett til friluftsområde i sjø og fiske. Planen legg dessutan opp til eit badeområde i sjø f_VBAD som skal vera opent for ålmenta, i gjeldande KPA er dette arealet (ca. 1 daa) friluftsområde i sjø. Justeringa er gjort for å avgrensa at båttrafikk og badeaktivitet kjem i konflikt. Bruken av område i sjø vil ikkje verte mykje endra, då det er aktivitetar knytt til bading og fritidsbåtar som vert gjort her i dag, og størsteparten av området vil framleis vera opent for ålmenta.

9.2 Landskap og stadkarakter

Landskapet rundt Gjerdsvika består av spreidde bustader, landbruksareal og naust. Terrenget er noko kupert og skrånar ned mot Gjerdsvika i aust. Bustader ligg høgare i terrenget enn planområdet. Ettersom planforslaget i hovudsak gjeld ei utviding av eksisterande parkering og båthamn samt tilrettelegging for å sette opp bodar til oppbevaring (1 etasje), er det ikkje vurdert at det vil bryte med landskapets karakter i vesentleg grad. Tiltaka er ikkje vurdert å ville blokkere for sol/lysforhold eller for utsyn frå bustader. Planen vil leggja beslag på eit mindre areal med dyrka mark (innmarksbeite og grasproduksjon) like vest for dagens parkering, om lag 2,5 daa.



Figur 11: Gjeldande plan og varsla plangrense (ytst). Kjelde kommunekart.com

Kulturminne og kulturmiljø, evt. verneverdi

Det er ikkje registrert kulturminne i planområdet. Det ligg eit naustmiljø frå nyare tid like sør for planområdet. Nausta er med i ein rapport om verneverdige sjøbruksmiljø av Hordaland fylkeskommune frå 1989, og er markert med omsynssone i gjeldande KPA. Naustmiljøet ligg ikkje lenger i sitt opphavslege miljø, mykje har endra seg i området dei seinare åra. Det er etablert veg, parkering og båtplassar og fleire naust har vorte reist like ved, samtidig har det og vorte fylt ut i sjø like sør for naustmiljøet. Utviding av parkeringa som går fram av planforslaget, vil skje i retning vest og ikkje sørover mot naustmiljøet. Når det gjeld andre kulturminne i nærområdet (sjå kap.5.4) ligg desse i god avstand til planområdet og elles høgare i terrenget, planen vil difor ikkje ha innverknad på desse.


Planområdet ligg på omlag 1-5 moh., store delar av arealet i planområdet var under vatn i førhistorisk tid, ettersom havet stod høgare den gong. Moglegheita for at det ligg hittil ukjende automatisk freda kulturminne i planområdet kan difor reknast som sær s låg. Viser til teoretisk berekning av strandforskyvingskurver i Hordaland basert på UTM koordinatar, utvikla av Lohne (2006) ved UIB.



Figur 12: Flyfoto notid – raud sirkel viser naustmiljø - kommunekart.com



Figur 13: Flyfoto anno 1968 – raud sirkel viser naustmiljø – historiske kart frå kart.finn.no



Figur 14: Den horisontale aksen viser årstal før notid, medan den vertikale aksen viser høgda over havet. Som kurven skildrar var havet om lag 2-3 m høgare for 1000 år sidan, medan heile planområdet var under vatn i steinalder. Kjelde: Teoretisk berekning av strandforskyvningskurver i Hordaland basert på UTM koordinatar, utvikla av Lohne (2006) UIB.

Dersom det skulle dukke opp funn av automatisk freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeid med tiltak i planområdet, vil arbeidet straks stansast og kulturminnestyresmakt vil verte varsla for nærare gransking, jf. Kulturminnelova §8, 2. ledd.

Tilhøvet til krava i kap. II i Naturmangfaldlova

Når det gjeld tilhøve til naturmangfald er det gjort ein sjekk av tilgjengelege databasar og innsynsløysingar. I følgje Norsk institutt for naturforskning ligg planområdet innanfor eit grovmaska område kategorisert som «hotspot» for trua moseartar. Dette er eit stort og grovmaska område, og det er elles lite informasjon knytt til dette treffet. Området som skal regulerast er i stor grad allereie bygd ut i dag, det er difor lite sannsynleg at det finns trua moseartar akkurat her. Det er elles ikkje registrert sårbar/trua natur eller artar i området for øvrig.

Området i sjø er elles registrert av Fiskeridirektoratet som låssettingsplass. Kommunen har likevel vurdert at utvidinga av planen ikkje vil få betydelege konsekvensar for fiske. Det er heller ikkje kommen inn merknader til planen frå lokale fiskarlag.

Jamfør naturmangfaldlova § 8. vert følgjande sagt om kunnskapsgrunnlaget:

“Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet [...]”

Med utgangspunkt i ovannemnte tekst i §8, samt det faktum at området allereie er såpass utbygd i dag, er det vurdert som lite sannsynleg at tiltaka i planen vil ha vesentlege verknader for naturmangfald i området. Det vert lagt til grunn at § 8 i naturmangfaldlova som gjeld kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg i denne saka.

Det er i samråd med kommunen vurdert at tiltaka i planen ikkje utløysar krav om konsekvensutgreiing. Det er vurdert at planens art og storleik ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, viser her til punkt 2.4 i planskildringa. Det vert ikkje lagt opp til noko kartlegging av naturmangfald i samband med planen. Paragraf §6 i naturmangfaldloven som omhandlar generell aktsemd vil uansett gjelde.

jamfør § 6. i naturmangfaldlova:

“Enhver skal opptre aktsomt og gjøre det som er rimelig for å unngå skade på naturmangfoldet i strid med målene i §§ 4 og 5. Utføres en aktivitet i henhold til en tillatelse av offentlig myndighet, anses aktsomhetsplikten oppfylt dersom forutsetningene for tillatelsen fremdeles er til stede”.

Sjølv om det i dette tilfelle er lite sannsynleg at tiltaka i planen vil føre til skade på naturmangfald, sidan område i stor grad allereie er utbygd, vil «føre-var-prinsippet» (§9), samt prinsippet om at kostnader ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshavar (§11) framleis gjelde.

Rekreasjonsinteresser/born sine interesser

Tiltaka i planen vil vera positivt for rekreasjon og born sine interesser. Fleire båt plassar, tilgjenge på badestrand og betre parkeringsmoglegheiter, gjer området tilgjengeleg for fleire besøkande. Dette vil vera positivt for både store og små i området. Planområdet ligg i nær tilknytning til Tysnes skule, og kan reknast som lett tilgjengeleg for born i området.

9.6 Trafikktilhøve

Ved å leggja til rette for fleire båtar og når det er ein bade plass som er open for ålmenta i planområdet, kan ein og forventa ein liten auke i trafikk til området. Vegen inn til området frå krysset ved fylkesveg 549 er smal og det er ikkje gang- og sykkelveg langs denne vegen. Det er overgangsfelt frå skuleområdet og over til autsida av fylkesvegen ved avkjøringa til planområdet, som gjer området lett tilgjengeleg for skuleborna. Fartsgrensa frå fylkesvegen ned til området er 50 km/t. Det er elles halde plass for buss i

krysset ved fylkesvegen som ligg ved avkøyringa til området. Uønskte hendingar knytt til trafikk er elles vurdert i ROS-analysen.

9.7 Universell tilgjenge

Området frå den felles parkeringsplassen (f_P) og ut til Hønsaholmen er forholdsvis flatt, og vil innfri krav til stigning for universell utforming. Det er dessutan lagt til rette for tre HC-parkeringsplassar, som vil gjera anlegget lettare tilgjengeleg for personar med rørsleutfordringar.

9.8 Energibehov – energiforbruk

Tiltaka er ikkje forventta å føre til noko særleg auke i energibehov eller energiforbruk.

9.9 Jordressursar/ landbruk

Utvidinga av parkeringsareal (f_P) og oppføring av bodar (f_BA1) i retning vest vil leggja beslag på eit mindre areal med dyrka mark, registrert som innmarksbeite samt eit mindre areal til grasproduksjon (totalt ca. 2,5 daa) som i gjeldande KPA har arealføremål LNFR. Ut i frå vedlagt kart (figur 12) som synar plangrensa til planforslaget med nyare flyfoto som bakgrunnskart, ser det ikkje ut til at arealet lengst i nord ved parkeringa vert nytta til dette føremålet i dag. Området er lite, det ligg heilt i utkanten av den dyrka marka. Dette arealet vil bidra til ordna veg- og parkeringsforhold for ei felles båthamn, som igjen gjer at ein kan utvida ei eksisterande hamn som ligg sentralt til, i staden for å bygge ned LNF-område andre stadar i kommunen.



Figur 15: Varsla plangrense med nyare flyfoto. Kjelde : kommunekart.com

9.10 Teknisk infrastruktur

Reguleringsplanen legg og opp til etablering av utleigebodan, som kan koplast til kommunalt vatn. Elles vert det lagt opp til at besøkande skal nytta eksisterande veg inn til området. Ein kan forventa ein liten auke i mengda trafikk, ettersom tiltaka opnar for fleire brukare av området, som igjen kan føra til noko meir slitasje på eksisterande infrastruktur. Dette vil ikkje føra til økonomiske konsekvensar for kommunen, då vegen er privat slik at ein må halde vedlikehaldet sjølv.

9.11 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det er ikkje kjend at tiltaka vil føre til økonomiske utgifter for kommunen.

9.12 Konsekvensar for næringsinteresser

Det er ikkje kjend at tiltaka vil ha noko særleg innverknad på næringsinteresser i området. BKK og Eviny har lokalar ved avkøyringa frå fylkesvegen, som ein må passera for å komma ned til planområdet. Dei kan truleg oppleva noko meir trafikk forbi lokala sine i periodar.

9.13 Lysforureining

Vi har ikkje kjennskap til at lysforureining frå anlegget har vore eit problem, det har ikkje komme inn merknader på dette frå naboar. Det er få bustader med direkte innsyn til anlegget. Føresegna legg dessutan opp til at det skal vera ro i anlegget seinast klokken 22 i sommarhalvåret og kl. 20 i vinterhalvåret. Dette kan og ha ein avbøtande effekt for eventuelle uønskete lyskjelder.

9.14 Avveging av verknadar

Planforslaget gjeld i hovudsak ei mindre utviding og endring av arealføremåla i gjeldande plan. Samla sett er det vurdert at det er få negative verknader av planen. Ein kan forventast noko meir trafikk til området og såleis noko meir slitasje på eksisterande infrastruktur. Planområdet legg elles beslag på eit mindre areal med dyrka mark på ca. 2,5 daa, som ein kan sjå på flyfoto på figur 16 verkar det til at store delar av dette arealet ikkje vert nytta til føremålet i dag.

Planen opnar for at fleire enn dei som nyttar område i dag kan ha glede av aktivitetane som området tilbyr. Utvida tal på parkeringsplassar og båtplassar samt tilrettelagt badeplass som er open for ålmenta, gjer rekreasjon i strandsona og aktivitetar knytt til sjø lett tilgjengeleg for lokalsamfunnet. Planen vil leggja beslag på noko meir areal i sjø, som i gjeldande plan er avsett til friområde, men tiltaka i planen vil ikkje i vesentleg grad endre bruken av området. Området er i dag i stor grad nytta til fritidsbåtar og bading, dette vil framleis gjelde men under meir føreseielege rammar.

10 Innkomne merknadar

10.1 Samandrag frå innkomne merknader

Statsforvalter	<p>Det må gjerast greie for kva den totale parkeringskapasiteten vil vere innanfor planområdet.</p> <p>Kommentar: Dette går fram av planskildringa og føresegner.</p> <p>Det bør vurderast nærare tiltak og føresegner for å unngå forureining frå båtpuss, bunnstoff frå sliping og andre utslepp. Krav til miljøundersøkingar bør vurderast nærare. Avfallshandteringa og om det skal lagrast drivstoff i hamna må belyst nærare. Lyssetting, vinteropplag og allmenn ferdsel gjennom småbåthamna er tema som også må vurderast i planarbeidet.</p> <p>Risiko for brann i småbåthamna må belyst i ROS-analysen. Vi tilrår også sterkt å involvere brannsjef/ lokalt brannvesen i planprosessen, og at lokale brann- og redningsfaglege vurderingar og ev. behov for nye beredskapstiltak i/ for kommunen blir lagt til grunn i planarbeidet. Det bør også vurderast nærare om avstandar mellom båtar i småbåthamna er tilstrekkeleg med omsyn til branntryggleik.</p> <p>Kommentar: Det er ikkje i regi av Tysnes båthamn utført båtpuss, sliping og botnsmøring. Det er vanleg at eigarar av større båtar tar dei til slipp som er godkjend for slikt arbeid. Det kjem og fram av nye føresegner at vedlikehald som kan forureine ikkje er tillate.</p> <p>Når det gjeld avfallshandtering tar kvar einiskild person med seg sitt avfall, det er ikkje eit fellesanlegg for avfallshandtering.</p> <p>Det er ikkje vinterlagring på land på anlegget.</p> <p>Når det gjeld brannfare vert dette belyst i ROS-analysen. Anlegget ligg med sjø, så sløkkjevatt er lett tilgjengeleg. Brannstasjonen ligg dessutan berre 4,5 km unna på Ugddal.</p> <p>Lyssetting/lysforureining er eit tema i planskildringa.</p> <p>Risiko for ulukker mellom badande og båttrafikk må belyst i ROS-analysen, og eventuelle avbøtande tiltak må inngå i planarbeidet.</p> <p>Kommentar: Dette er belyst i ROS-analysen og avbøtande tiltak går fram av føresegner og ROS.</p> <p>Det må vurderast om tryggleiken for allmenne interesser er tilstrekkeleg ivaretatt ved mogleg auka trafikk til og frå området, og om det er grunnlag for å setje i verk avbøtande tiltak for å auke tryggleiken.</p> <p>Kommentar: Trafikktryggleik er vurdert og belyst i ROS og planskildringa.</p> <p>I gjeldande reguleringsplan går det ikkje fram ei fast, eintydig byggjegrænse mot sjø. Byggjeforbodet i pbl. § 1-8 gjeld også for eldre planar utan fastsett byggjegrænse.</p> <p>Kommentar: Byggjegrænse går fram av plankart.</p>
----------------	--

	<p>Vi føreset også at Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen blir lagt til grunn for utarbeidinga av planforslaget.</p> <p>Vi føreset at forureining og avfallshandtering er eit tema i planarbeidet. Det bør gå fram av føresegnene at kaianlegg og småbåthamna skal ha eit system for handtering av avfall og miljøfarleg avfall etter forureiningslova.</p> <p>Vi føreset at datakvalitet og naturmangfald er eit tema som blir belyst i planarbeidet.</p> <p>Kommentar: Ovannemnte vert belyst i planskildringa og ROS-analyse. Når det gjeld avfallshandtering og forureining tar alle seg av sitt eget avfall, då det er begrensa kor mykje avfall som vert produsert knytt til anlegget. Båthamna legg som nemnt ikkje opp til vedlikehald av båtar på staden som kan føre til miljøfarleg avfall (sjå føresegner) forureining vert elles belyst i ROS.</p> <p>Vi tilrår at det blir gjennomført ei konkret fagleg vurdering av støylast i området, og ei vurdering av om dette inneber særskilde utfordringar og verknader for busetnad og eksisterande badeområde/ friluftslivsområdet.</p> <p>Kommentar: Vi er ikkje kjend med større problematikk knyt til støy. Støy vert belyst i ROS-analysen. I føresegna går det fram når det skal vera ro i anlegget, dette skal og vera skilta i anlegget.</p>
Kystverket	<p>Planområdet ligger godt skjermet i Gjerdsvikvågen i god avstand fra farled og navigasjonsinstallasjoner. Det er viktig at det ikke planlegges for tiltak som begrenser sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken.</p> <p>Kommentar: Dette vert belyst i ROS-analysen.</p> <p>Planlegger må i sin ROS-analyse vise hva en endret arealbruk vil ha å si for omgivelsene, men også på hvilken måte omgivelsene vil virke på arealbruken i planområdet.</p> <p>Kommentar: Dette er belyst i planskildringa.</p> <p>Vi ber om at det vurderes om planforslaget vil ha ferdselsmessige konsekvenser for brukere av sjøen.</p> <p>Dette vert belyst i ROS-analysen både i høve badande og i høve båttrafikk. Føresegna legg og føringar for at det skal setjast ut badebøye for å redusera risiko for ulykke mellom båt og badande.</p> <p>Det må ikke planlegges arealbruk som vil være i konflikt med navigasjonsinnretninger.</p> <p>Kommentar: Teke til etterretning.</p>
Vestland Fylkeskommune	<p>Deler av utvidinga i areala er vist som LNF-R-område i kommuneplanen (innmarksbeite). Ein vurdering av konsekvensar for landbruksverdiene må vere del av planen.</p>

	<p>Kommentar: Dette er belyst i planskildringa.</p> <p>Fylkeskommunen rår til å vekke tilhøva for kaste- og låsettingsområdet og gjere naudsynte justeringar før endeleg utforming av planen vert sendt på høyring.</p> <p>Kommentar: Teke til etterretning.</p> <p>Nærleik, tilkomst og utsikt til sjø er eit gode. Vestland fylkeskommune minner om <i>Regional kystsonoplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger</i>. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging. Vi ber om at planen skildrar korleis nye tiltak har verknad på tilgjenga til strandsona. Bygging og landskapsinngrep skal unngås på areal som har betydning for andre formål – for eksempel ferdselsomsyn, landskapstilpassing og friluftsliv.</p> <p>Kommentar: Tiltaka i planen vil vera positive for friluftsliv og tilgjenge på strandsona/sjø. Det er stor etterspurnad etter båtplassar, utvidinga vil gjera båtliv tilgjengeleg for fleire brukarar. Planen er positiv for både dei som brukar båt og dei som vil bade. Planen er ikkje vurdert å vera til hinder for ferdsel i strandsona.</p> <p>Planlegging av tiltaket må vurderast i høve infrastruktur og trafikktryggleik for mjuke trafikkantar.</p> <p>Planlegginga må difor sikre at terrenginngrep, byggjetiltaka og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader.</p> <p>Kommentar: Trafikktryggleik er eit tema i planskildring og ROS. Fjernverknad og terrengtilpassing vert belyst i planskildring og føresegner</p> <p>Naturverdiar og biologisk mangfald må omsynstakast og søkast bevarast i størst mogleg grad.</p> <p>Kommentar: Teke til etterretning. Naturverdiar og biologisk mangfald vert omtalt i planskildringa.</p> <p>Vi ber om at tiltakshavar si meldeplikt etter kulturminnelova §8,2. ledd dersom ein gjer funn av automatisk freda kulturminne under gjennomføring av tiltak, blir teke inn i planen sine føresegner.</p> <p>Kommentar: Dette kan ein finna både i planskildring og føresegner.</p> <p>Vestland fylkeskommune legg til grunn at verknadane planløysinga har for vegtransport og vegnettet, vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen og ROS-analysen.</p> <p>Kommentar: Vert belyst i planskildring og ROS.</p>
--	---

<p>Nils Bjarne Aarvik (grunneigar)</p>	<p>Som eier av nst g.nr. 96 b. nr. 71 er vi plaget med stv som fyker nedover mot oss som kommer fra biler som kjrer fort spesielt nedover veien fra hovedvei oppe med BKK lagerbygg og ned til parkeringsplass ved sjen. Flere andre eiere av eiendommer ved sjen rundt oss sier at stv fra biler er til sjenanse i perioder nr det er trt og fint vr. Dersom denne veien skal brukes videre med mere trafikk kan dette lses og forbedre situasjon med at det settes opp fartsskilt oppe og nede i veien med maksimal fart 30 km/t. Antar at tiltak som nye dreneringer, nytt dekke og asfaltering vil bli vurdert ved en oppgradering.</p> <p>Kommentar: Det er ikkje nskeleg å asfaltere vegen, d dette er eit omfattande inngrep i forhold til ein grusa veg. Sjlv om utvidinga vil generere noko meir trafikk er dette sporadisk, og gjerne nettop p dei dagane nr det er fint ver og grusen er trr. Som innspelet peiker p kan ei lysning vere å sette opp skilt med redusert fartsgrense. Dette m i tilfelle avklarast med grunneigar uavhengig av reguleringsplanen.</p>
<p>Gunnar Lnningen (grunneigar)</p>	<p>Har ingen innvending p utviding.</p> <p>Kommentar: Teke til orientering.</p>

11 Avsluttande kommentar

Sjølv om utvidinga av eksisterande småbåtanlegg i noko grad avvik frå gjeldande kommuneplan, er utviding av eksisterande anlegg og samlokalisering av båtplassar i tråd med statlege og regionale føringar.

Sjølv om Tysnes kommune på generelt grunnlag ikkje har ei strandsone som er utsett for eit vesentleg press, er det likevel eit overordna mål å utvide eksisterande anlegg i sjø.

Anleggets lokasjon i nærleiken av Våge sentrum er gunstig sett i lys av kort avstand frå bustadområde. Det er også etablert eit relativt godt nett av gang og sykkelveggar og fortau til og frå området.

Ei utviding av eksisterande anlegg har få konfliktområde, og vil i lita grad sette til side omsyn til natur og andre omsyn som vil verte tilsidesett ved etablering av nye tiltak av denne storleiken.

12 Vedlegg

Vedlagte dokument følgjer planskildringa.

Dokument	Dato	Revisjonsdato
Plankart	24.10.2023	
Føresegner	24.10.2023	
ROS- analyse	24.10.2023	

Andre vedlegg

Innkomne merknader
SOSI- eksport og loggfil
Sjekkliste for reguleringsplanar